

Ljos på Ljosnes, men kva med skuret?

12.09.2007



Eit ljospunkt er no på plass på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På Ljosnes har dei no fått eitt vegljøs ved riksvegen, men buss-skuret som dei også har søkt om let venta på seg. Og dei saknar svar frå kommunen på brev som vart sendt i juli og tidlegare brev om same sak.

Erlend Moen sendte purrebrev for få dagar sidan, faktisk same dagen som veglyset vart montert. Der minna han kommunen om at dei har eit ansvar for at elevane på staden har ein trygg skuleveg og for at skuleskyssen skjer i forsvarlege formar.



Erlend Moen er fornøgd med ljøset, men kva med skuret? (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Hvis det er slik at den noverande ordninga kostar kommunen 95.000 kroner i året å oppretthalda er det for oss ei gåta kvifor kommunen då ikkje med ein gong set i verk tiltak for at ungene kan fylgja ordinær buss og samtidig gjera heile området meir trafikksikkert både for unge og gamle, skreiv Moen.

Han peika også på at vegljøs ville gjera det lettare for dei køyrande å sjå kryssande hjortedyr. Det er her påkøyrslar av både hjort og rådyr fleire gongar årleg.

Moen minna om at det er ungar som skal på skulen både i retning Rosendal og Uskedalen, så tiltaka må gjennomførast på begge sider av vegen. Dette er også heilt i tråd med anbefalingane frå både Statens Vegvesen

og Tide, som var på synfaring i januar.

Moen ba om snarleg svar frå kommunen om dei tiltaka som vil bli sett ut i livet.

Av Ola Matti Mathisen